

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 3011/95**av 19. desember 1995****om endring av forordning (EØF) nr. 823/87 om fastsettelse av særlige bestemmelser om kvalitetsviner fra bestemte dyrkingsområder(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til tilmeldingsakta for Spania og Portugal, særleg artikkel 129,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen,

med tilvising til fråsegnen frå Europaparlamentet⁽¹⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

Det vert vist til avtala mellom Det sameinte kongeriket og Kongeriket Spania og dei tilhøyrande fråsegnene om artikkel 18 i direktivet om harmonisering av strukturen på særavgifter på alkohol og alkoholhaldige drikkar⁽²⁾, særleg ii) første leddet.

Etter artikkel 129 i den førnemnde tilmeldingsakta kan dei samansette nemningane «British Sherry», «Irish Sherry» og «Cyprus Sherry» nyttast på territoriet til Det sameinte kongeriket og Irland inntil 31. desember 1995.

Forbrukarane må få korrekte opplysningar, også gjennom reklame, og dei rettkomne interessene til vinprodusentar i særskilde dyrkingsområde må gjevast høveleg vern. Forordning (EØF) nr. 823/87⁽³⁾ bør difor endrast -

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 19. desember 1995.

For Rådet

L. ATIENZA SERNA

Formann

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I artikkel 15 nr. 5 første leddet i forordning (EØF) nr. 823/87 vert det gjort følgjande endringar:

a) I den innleiande delen vert «betegnelse på og presentasjon av» endra til «betegnelse på, presentasjon av og reklame for».

b) Første strekpunktet skal lyde:

«- navnet på et bestemt dyrkingsområde som er omhandlet i artikkel 3, og som er oppført i listen utarbeidet i henhold til artikkel 1 tredje ledd.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1996.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 314 av 28.12.1995, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/97 av 27. juni 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) Fråsegn gjeven 15. desember 1995 (enno ikkje offentleggjort i TEF).

(2) TEF nr. L 316 av 31.10.1992, s. 28. (Direktivet som er nemnt, er direktiv 92/83/EØF, kunngjort i same utgåva av TEF, s. 21.)

(3) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 59. Forordninga vart sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.